



Til leiarane i alle Foreldrearbeidsutvala i grunnskulen i Time kommune

Referat frå møte i Kommunalt foreldreutval onsdag 27.11. 24 kl. 18-19.30

Til stade: Renate Vognsen (Lye skule), Kjetil Horvei (Lye ungdomsskule), Frode Hagerup (Frøyland skule), Anne Siri Fløtre (Frøyland ungdomsskule), Kristian Hognestad (Hognestad skule), Jarl Ove Frivold (Bryne skule), Knut Undheim (Undheim skule), Ranveig Undheim (Utval for levekår).

Meldt fråfall: Bryne ungdomsskule

1. Konstituering av KFU i Time kommune.

Møter våren 2025 blir onsdag 19. februar kl. 18-20 og onsdag 30. april kl. 18-20. Dersom det blir behov for fleire møter vert dette meldt inn og me kallar inn.

Skulesjef kallar inn til møter og medlemmene i Kfu melder inn saker på førehand.

2. Ny opplæringslov

Me gjekk gjennom eitt av satsingsområda frå Strategiplan oppvekst 2023-2029), satsingsområde 3, mål 2. "Alle barn og unge melder at dei blir sett, høyrte og inkludert". Me fokuserte på tilak 1: alle tenester i oppvekst skal vera med på å dreia ressursar frå individet til fellesskapet. Alle tenestene i Oppvekst (barnehage, skule og barn og familie) samarbeider for å nå dette målet.

Skulen jobbar i denne samanheng med å inkludera barn og unge med å ha fokus på fellesskapet og at alle skal oppleva å høyra til i klassen. Forsking viser at læring skjer best saman med andre og me veit at alle har behov for å høyra til i ei gruppe og eit fellesskap.

Talet på vedtak om individuelt tilrettelagt opplæring (ITO) har auka kraftig dei siste åra, og skulane jobbar med å gi tilpassa opplæring til dei fleste elevane i gruppa/klassen. Slik situasjonen er nå, er det for mange lærarressursar som er bundne opp mot vedtak, desse ønsker me å bruka i fellesskapet. Kunnskapsgrunnlaget me bruker er ekspertgruppa sin rapport "Inkluderande fellesskap for barn og unge".

Me gjekk gjennom § 11-2 til 11-6 i ny opplæringslov om tilpassa opplæring. Me såg på dei ulike rettane og diskuterte korleis dette ser ut i praksis.

[Opplæringslova](#)

3. Omstilling i Oppvekst i Time kommune

Strategiplan oppvekst 2023-2029 viser kva retning tenesteområdet Oppvekst og skulane ønsker å gå. Økonomiplanen 2025-28 seier noko om kva handlingsrom me har for å nå dette. Dei største utfordringane me står overfor i skuledelen er:

- Auke i talet på barn og unge med moderate til alvorlege psykiske vanskar
- Rekruttering av lærarar
- Auke i vedtak om individuelt tilpassa opplæring

Me ønsker å kanalisera ressursar frå individet til fellesskapet slik at alle elevane i Timeskulen får lyst på livet og evne til å meistra det (jfr sak nr 1).

Heile tenesteområdet Oppvekst er pålagt å spara inn 17,3 årsverk i perioden 2025-26.

Arbeid så langt og plan framover i skule:

Informasjon til rektorane 15.11.23

Alle leiargruppene på skulane har i oppdrag å finna gode løysingar til 02.12.24, då skal me jobba i prosess og sjå på kva som er lovpålagde og kva som ikkje er lovpålagde oppgåver. Me skal sjå på kva me kan gjera som rammar elevane våre minst.

I desember skal leiargruppa i oppvekst arbeida fram kva tiltak me skal setja i verk og desse skal effektuerast frå februar 2025.

Medlemmene i Kfu er svært uroa over situasjonen skulane står i. Dei ser at skulane strevar med ressursane og antal hender i skulekvardagen. Medlemmene er uroa over om Timeskulen kjem til å mista gode lærarar i denne omstillinga og at ein må ta vare på og behalda dei lærarane me har. Dei ser også faren i at lærarane får auka arbeidspress og kan slutta på grunn av dette.

4. Innmelde saker

Ingen innmelde saker til dette møtet.

Mvh

Elsa Djuve Jerstad, referent